



Notat

Til: Tommy Veland

Kopi til: Anngunn Marie Gullbrå

Saksbehandler: Plan og byggesak/Anne Lise Molvik
Vår referanse: 20/16115 - 2 / GBNR-195/121, FA-L42
Dato: 06.10.2020

Emne: Om søknad om samanføyning av brukseiningar - gbnr 195/121 Leiknes

Byggesak viser til søknad om samanføyning av brukseiningar i bustadhus på gbnr 195/121.

Bustaden på eigedomen er i matrikkelen registrert som einebustad m/ hybel/sokkelleilighet, bygningskode 112. Bustaden har fått adresse Kringlebakken 8A og 8B.

Eigar opplyser følgjande i søknaden:

«Dette er en enebolig med godkjent hybel. Vi er en stor familie som bor her og bruker hele boligen. Vi har ikke ønske eller behov for å leie ut hybel og ber derfor om sammenslåing. Kjøkkenet i hybel er fjernet og området brukes til soverom og kjellerstue. Det er gjennomgang mellom enhetene og det er ikke gjort noe arbeid for å få det til. Det er ikke gjort noen endringer i bærende konstruksjon.»

Av kommunen sitt arkiv ser vi at vart gitt løyve til oppføring av einebustad med hybel i 1976. Det går fram av godkjende teikningar at det er tilgang mellom husvære via felles vindfang. Godkjende teikningar følgjer vedlagt.

Når det er tilgang mellom husværa er det ikkje nødvendig å søkja om samanføyning etter plan- og bygningslova. Førespurnaden må vurderast etter matrikkellova.

Søknaden er overført til Kart og oppmåling ufordelt.